

# Nedre Nigard Skurdal (146/1) – Nigard Nedre Skodal

Kjelde : Gardar og Slechter i Fron I

## Eigarar

Nigard Skodal blir i matrikkelen i 1668 og 1723 kalla for Nedre Skodal. Skylda er 2 ½ hud, garden er bondegods og setrar på Børkdalen som i dag.

### 1668

I 1668 heiter brukaren Tore Gundersen (Valbjør), som er gift med Åse Sveinsdtr. Skodal og dei er barnlause. Han eig 2 huder og 1 ½ skinn i garden. I tillegg eig Torkil Gjertslykkjen 4 skinn og Iver Tofte 1 ½ skinn. Frå 1702 er det ei kjøpekontrakt der Svein Sjursen kjøper av Asbjørn Suleng, Peder Iversen Fagstad, Engebret Tokse, Anders Kjørstad, Johannes Rudi og Kari Skoe små partar dei eig i Skodal frå ½ til 2 skinn på kvar, til saman 9 skinn.

### 1723

I matrikkelen av 1723 er eigaren Ole Johannesen.

### 1745

I 1745 fekk Ole Paulsen Vetl-Brandvol skjøte på 2 ½ hud for 266 rd. Iver Olsen Bruen kjøpte Nigard Skodal , 2 ½ hud, av Ole Paulsen Vetl-Brandvol for 363 rd i 1745.

### 1746

I 1746 kjøpte Sjur Sjursen Nigard Skodal, 2 ½ hud, av Iver Olsen Skodal for 398 rd. David Einhaus, oberstløytnant for det Fronske kompani, kjøpte Nigard Skodal av Sjur Sjurson i 1746 for 620 rd.

### 1759

Hans Amundsen (Tokse) kjøpte Nigard Skodal, 2 ½ hud, (med del i kyrkjegods og saglott til garden) av David Einhaus i 1759 for 1116 rd. Einhaus hadde forbetra garden mykje, fordi husa var nedrotne da han overtok.

### 1769

Beret Jensdtr. Øvre Rudland fekk skjøte på Nigard Skodal i 1769 «som sand Odelsmand» for 1700 rd av Anne Knutsdtr. , som var enke etter Hans Amundsen.

### 1770

Anne Knutsdtr. kjøpte tilbake Nigard Skodal av Beret Jensdtr. Rudland i 1770 for 1800 rd. Anne Knutsdtr. gifta seg opp att med Lars Sjursen Skodal

### 1778

I 1778 makeskifta Johannes Andersen Kjørstad åt seg Nigard Skodal mot at Lars Sjursen fekk att Nigard Kjørstad

### 1783

Lodver Knutsen Silli kjøpte Nigard Skodal av Johannes Andersen i 1783 for 1400 rd. Ofsen i 1789 hadde gjort stor skade på Nigard Nedre Skodal. 14 mål åker var øydelagt av jordskriu og elvebrot. 4

mål av desse kan setjast i stand att. Heile enga, 13 mælingar, var dekkja av store mengder grus og stein, der 3 mælingar av desse kan setjast i stand att. Ein høylåve var ført bort og eit kvernhus var sterkt skadd.

I folketellinga for 1801 står det at Lodver Knudsen (1754) og kona Sigri Hansdatter (1761) bur på Schurdal saman med døtrene Goro Lodversdatter (1792) og Kari Lodversdatter (1795)

### **1810**

Iver Amundsen Lo, som var gift med Goro Lodversdtr., kjøpte Nigard Skodal av svigerfaren Lodver Knutsen i 1810. Iver Amundsen overtok Lo i 1808 og budde der til han døydde i 1832.

### **1826**

Ole Olsen må ha overtatt Nigard Skodal i 1826, fordi det finst ei føråskontrakt frå Ole Olsen til Iver Amundsen dette året.

### **1838**

Hans Olsen står som brukar i 1838 og han er truleg son til Ole Olsen. Det er ikkje kjent at det finst heimelsbrev.

### **1845**

Arne Olsen Dalsegg har truleg kjøpt Nigard Skodal i 1845. Det finst ikkje heimelsbrev med føråsbrev frå Arne Olsen Dalsegg til Ole Olsen.

### **1850**

Hans Erlandsen Breivegen er truleg vorte brukar av Nigard Skodal omkring 1850, sjø om det ikkje finst noko heimelsbrev. Han var gift med Beret Olsdtr. Jetlund. Hans vart kalla n'største Hans fordi han hade ein yngre bror som også heitte Hans (n'minste Hans). N'største Hans var ein sterk og flink arbeidskar som dyrka opp jord og som bygde nye hus på garden. Den nesteldste dottera, Kari, vart odelsjente som 17 åring i 1867 da eldstejenta Marit døydde berre 18 år gamal.

### **1884**

Ole Østensen Skodal (Øvre Skodal) fekk skjøte av svigerfar Hans Erlandsen på Nigard Skodal i 1884 for 5.700 kr og førå. Han var gift med Kari Hansdtr. Skodal og han døydde i 1905.

### **1917**

Hans Olsen Skurdal fekk, som den eldste i søskenflokket, skjøte av mora Kari Hansdtr. I 1917 på Nigard nedre Skodal for 12.000 kr.

### **1939**

Harald Hansen Skurdal fekk skjøte på Nigard Skurdal av faren i 1939 for 17.170 kr og førå

### **1970**

Arnt H. Skurdal, som var sonen til Harald, overtok garden i 1970. Arnt døydde i 2018.

### **2018 og 2021**

Harald Endre Skurdal arva garden etter sin onkel Arnt H. Skurdal og i 2021 kjøpte Mikael Granslåen Rolstad Nedre Nigard Skurdal.